

Referat styremøte Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Dato: 15. september 2023

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Siri Sandvik, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset.

Første vara Hege Lothe og første vara for dei tilsette Hilde Wiik til førebels orientering.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim

Orienteringar i møtet:

- Velkommen til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, ei runde i museet
- Om museumsvurderingar til Kulturdirektoratet for 2022
- Pensjonsordning, orientering om alternativ

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Rekneskap og prognose

Vedlegg:

Til informasjon til styret: <https://www.forskerforum.no/%e2%88%92-museer-ma-prioritere-hardere/>

Saker til handsaming:

Sakliste:

Sak 34/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 35/2023 Referat frå styremøte 8. og 9. juni 2023

Sak 36/2023 Rekneskap pr 30. juni, orientering om status prognoseverktøy

Sak 37/2023 Sjukefråvær andre kvartal og siste år



- Sak 38/2023 Besøktal hittil i 2023
Sak 39/2023 «Åpenhetsloven», oppfølgingssak
Sak 40/2023 Budsjett 2024, orientering og status og framdriftsplan
Sak 41/2022 Budsjettsøknad 2025, forskingsnettverk Vestland
Sak 42/2023 Pensjonsordning, igangsetting av prosjekt for ev endring
Sak 43/2023 Oppstartsvedtak verne- og formidlingsbygg Holvikejekta

Sak 34/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 35/2023 Referat frå styremøte 8. og 9. juni 2023

Vedtak:
Referatet frå styremøte 8. og 9. juni blir godkjent

Sak 36/2023 Rekneskap pr 30. Juni 2023
Orientering om prognoseverktøy
Janne Gimmestad

Vedtak:
Resultatrekneskap pr. 30. Juni 2023 med eit positivt resultat på kr 603 025 mot budsjett kr 686 865 vert teke til vitende.
Balansetotal pr. 30. juni 2023 er på kr 121 957 176.

Sak 37/2023 Sjukefråvær andre kvartal og siste år
Atle Reidar Sandnes/Jan Heggheim

Styret skal vere oppdaterte på gjeldande sjukefråvær i sitt arbeid.

Bakgrunn:

Fråvær i Q 2 2023

Type fråvær	Fråvær	(Q 1)
Eigenmelding	0,68	(1,54)
Sjukemelding < 16 dg	1,03	(0,36)
Kortidsfråvær (eignmeldt og sjukemelding <16 dg)	1,71	(1,9)
Sjukemeling > 16 dg	0,69	(0,9)
Totalfråvær	2,40	(3,8)

Løpande 31.07.22-31.07.23


Type fråvær	Fråvær i %	31.03.22-31.03.23
-------------	---------------	-------------------




Eigenmelding	1,41	(1,49)
Sjukemelding < 16 dg	0,62	(0,70)
Kortidsfråvær (eigenmeldt og sjukemelding < 16	2,03	(2,19)
Sjukemelding > 16 dg	2,05	(2,85)
Totalfråvær	4,09	(5,04)

Utvikling over tid

Kortidsfråvær



Totalfråvær



Konklusjon:

Administrasjonen konstaterer at sjukefråværet er fallande, og vil arbeide for å halde det på dette nivået eller lågare i tida som kjem. Det er verd å merke seg det store fallet i langtidsfråværet. Dette knytter seg til nokre få, kjende tilfelle som har endra status.

Vedtak:

Styret noterer seg fallande fråvær og tek rapporten til orientering.

Sak 38/2023 Besøktal hittil i 2023

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Bakgrunn:

Besøktala fortel ikkje alt om aktiviteten til MiSF, men det er ein viktig indikator på om det vi held på med interesserer andre. Difor legg vi vekt på å oppdatere styret



med ferske besøkstal. For god informasjon, sjå elles
<https://misf.no/nyheiter/besoekstal-vekst-sommarsesong-2023>

BESØKSSTAD	31.08.2023	SUM 31.08.2022	Endring i tal	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	2 235	1 666	569	34,2 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	2 867	4 838	-1 971	-40,7 %
VAGSBERGET	806	215	591	274,9 %
SUNNFJORD MUSEUM	2 989	2 193	796	36,3 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	6 890	5 826	1 064	18,3 %
SOGN FJORDMUSEUM	847	0	847	#DIV/0!
KVERNSTEINSPARKEN	2 185	890	1 295	145,5 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	5 825	4 875	950	19,5 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	6 349	3 717	2 632	70,8 %
EIKAASGALLERIET	518	569	-51	-9,0 %
ASTRUPTUNET	3 569	2 988	581	19,4 %
SOGN KUNSTSENTER	1 500	1 694	-194	-11,5 %
SUM KVAR MÅNAD	36 580	29 471	7 109	24,1 %
				Auke i %
				24,1

Nedgangen på Kystmuseet skuldast svært høge tal i 2022, mellom anna var alle som var innom på Haugefisk på «Fjordsteam» i Bergen talde med. I realiteten har Kystmuseet ein liten auke betalande gjester.

Drøfting:

Vi nærmar oss «før-pandemi-nivå» og gler oss over god auke. Den store utfordringa er eigeninntekter. Vi kjem til å sjå nærare på talet betalande gjester. Formidling til barn og unge er ein del av oppdraget, og dei kjem gratis inn. Utfordringa ligg i å få fleire av dei som vitjar dei store friluftsmusea og reiselivsmuseet til å betale.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 39/2023 «Åpenhetsloven», oppfølgingssak

På nettsida gjer vi no greie for følgjande:

1. Driftsområde og organisering
2. Rutiner for å handsame faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
3. Eventuelle tilhøve som er avdekte.
4. Kvar ein skal sende krav om innsyn. (e-postadresse)

Vidare handling:

Vi vil no sende ut spørreskjema til leverandørane merka med gult på vedlagde liste. MiSF kjøper for meir enn 100 000 kr hos desse leverandørane.

Vedtak:

Styret konstaterer at stiftinga følgjer opp pålegg gitt i «Åpenhetsloven», og føreset at stiftinga har full oversikt over tilhøva hos vesentlege leverandørar, slik at der ikkje er kritikkverdige forhold for tilsette.

Sak 40/2023 Budsjett 2024, orientering og status og framdriftsplan



Janne Gimmestad

Vedtak:

Styret tek orienteringa om budsjett 2024, status og arbeidsplan til vitende. Følgande prioriteringar er signal frå styret for arbeidet med budsjett 2024 og søknadsbudsjett 2025: Energiøkonomisering, masterplan for utforming av bygningane for å sikre langsiktige perspektiv.

Sak 41/2022 Budsjettsøknad 2025, forskingsnettverk Vestland

Thomas Walle

Vedtak:

Styret ber administrasjonen om å utarbeide skildring av tiltaket *Forskingsnettverk Vestland* og overslag over kostnader og finansiering, med formål å sende inn søknad til Kultur- og likestillingsdepartementet i samband med budsjettsøknad for 2025

Sak 42/2023 Pensjonsordning, igangsetting av prosjekt for ev endring

Janne Gimmestad/Jan Heggheim

Konklusjon:

Direktøren ber styret om å godkjenne ein større gjennomgang av pensjonsordninga. Målet er å komme med ei tilråding til ny ordning eller halde fram som i dag. Ein viktig føresetnad er at dette ikkje skal gå ut over individet i form av svekka ordning for den enkelte. Vi ynskjer å trygge arbeidsplassane og vere økonomisk føreseielege med handlefridom for organisasjonen.

Vedtak:

Styret ber administrasjonen om å greie ut alternative pensjonsordningar og komme tilbake til styret med ei tilråding. Styret føreset at dei tilsette er involvert og får høve til å gi sitt syn gjennom heile prosessen. Prosedyre for vurdering av overgang til «Forsikret tjenestepensjon Virke» referert til i «Landsoverenskomsten for Virke med meir» skal overhaldast. Styret vil gjerne bli orientert om prosessen etter kvart.

Sak 43/2023 Oppstartsvedtak verne- og formidlingsbygg Holvikejekta

Jan Heggheim

Nytt anbod vart publisert 21. juni med leveringsfrist 24. august 2023.



Drøfting

Der står ein einebustad på området som er vedteken riven. Vi har forhandla med kommunen om å dekke rivingskostnadane. Dette løyste dei ved å legge inn 250 000 kr i sitt vedtak frå april. Den vesentlege delen av byggherrekostnadane er flytting av jekta i byggeperioden, dette er totalt over tre millionar kroner.

Nye kostnadsoverslag ser slik ut (kroner):

Byggekostnad (anbod)	36 464 307
Byggherrekostnader	4 476 600
Riving einebustad (anslag)	500 000
Sikringsmargin	3 125 893
Totalt	44 566 800
Finansiering:	
Gloppen kommune	10 500 000
Vestland fylkeskommune	12 500 000
Staten ved KUD	12 500 000
Gåvemidler Gloppen	1 800 000
Sparebankstiftinga SF	1 500 000
Riving av bustad Gloppen k	250 000
Gåveforsterkingsmidlar	310 000
Stiftinga Musea i SF	5 306 800
Totalt	44 566 800

Som styret kan sjå, er eigenkapitalinnsatsen frå MiSF monaleg auka. Direktøren meiner dette er forsvarleg ut frå den eigenkapitalen som finst tilgjengeleg, og fordi vi ved bygginga av Tinghuset ser ut til å ta i bruk ein nokså liten del av sikringsmarginen. Dette betyr mindre uttak av eigenkapital til bygginga av Tinghuset.

Framdrifta:

Styrevedtak om oppstart 15. september, kontraktssignering med entreprenør er førebels sett til same dag, digitalt. Vi held ein signeringsseremoni den 27. Byggetid er berekna til 11 månader, men vi treng ei tid til rammeløyve og igangsettingsløyve. Det er difor vanskeleg å seie sikkert kor tid det blir reell oppstart, men i verste fall kan vi trenge over tre månader. Med 11 månader byggetid er det overlevering i



desember 2024. Dette er «worst case», og det er all grunn til å tru at vi har overlevering før.


Ein viktig del av prosjektet er sikring og flytting av jekta i byggeperioden. Leverandør er Hardanger Fartøyvernssenter, som av ulike årsaker (mellom anna årstida) må begynne arbeidet med preservering av jekta allereie 11. september. Direktøren har vurdert det slik at sjølv om styret skulle vere tilbakehaldne med oppstartsvedtak, er ikkje konsekvensane av denne tidlege oppstarten så omfattande at det skadar prosjektet, tvert om, det må gjennomførast uansett.

Vedtak

Styret vedtek å setje i gang bygging av verne og formidlingsbygg for Holvikejekta med ei kostnadsramme på 44 600 000 som inkluderer ein sikringsmargin på 3 125 000 kr. Lågaste innkome anbod på sjølve byggeprosjektet er 36 464 307 kr og oppdraget blir gitt til Veidekke AS. Prosjektet blir finansiert med dei bidraga som er referert i denne saka. Styret forventar å bli orientert innan rimeleg tid om det oppstår avvik som medfører vesentlege endringar i framdrift eller prosjektrekneskap.

Vestreim, 15. september 2023


Ivar Kvalen


Rune Hegrenes


Siri Sandvik


Magni Aa Berge


Gunhild Berge Stang


Therese Nesset

Knut Arve Helle
